

Internasjonalt landbruk

MANDAG FORSKNING & UTDANNING * TIRSDAG EU * ONSDAG INTERNASJONALT LANDBRUK * TORSDAG NÆRINGS LIV * FREDAG MAT * LØRDAG NYSKAPNING

Etter at mjølkekvotane blei **avvikla** i Sveits, har prisen bøndene får for mjølka stupt med 25 prosent.



* MARKNADSREGULERING

Sviket i mjølke- prisen i Sveits etter frislepp

Frislepp: Etter at mjølkekvotane blei slept fri i Sveits har prisen som bøndene får for mjølka stupt og stabilisert seg på eit vesentleg lågare nivå.

Som eit av dei første landa i Vest-Europa vedtok Sveits å avvikle mjølkekvotane for ti år sidan.

Prosesen blei sluttført i 2009.

Resultatet blei at produksjonen auka, men prisen som bøndene får for mjølka har gått ned med heile 25 prosent. Det viser ferske tal frå «Dairy Report 2013» frå International Farm Comparison Network (IFCN), eit nettverk for samanlikning av mjølkemarknaden der rundt 100 avverdas land deleik.

Pristallet kom raskt

Pristallet kom kjapt og ramma bøndene hardt. Alt halvanna år etter frisleppet var det krisestem-

ning blant bøndene og sterke protestar frå landbruksaktørar.

– Vi forlanger ein retterding pris for mjølka, uttalte Valentina Hemmeler frå bondeorganisasjonen Uniterre den gong.

Protestane førte til forsøk på reversering av liberaliseringa i parlamentet, i tillegg til at nye tiltak blei sett inn for å motverke krisetendensane. Mjølkeprisen har derimot ikkje gått opp sidan den tid, men falt faktisk svakt også i 2012.

– Ingen veg tilbake

Snart fem år etter frisleppet ser bøndene ikkje anna råd enn å akseptere situasjonen.

– Vi må nå operere i ein omtrent open marknad, og prisdifferansen til EU er blitt mykje mindre etter at kvotane blei fjerna. Det er ingen veg tilbake, seier Hans Rüssli i bondeorganisasjonen Schweizerischer Bauernverband (SBV) til Nationen.

Kvotane som før regulerte

mjølkemarknaden blei erstatta av individuelle kontraktar mellom handelsaktørane og mjølkebøndene. Resultatet vart overproduksjon og prispress.

– Industrien tener pengar på at det er for mykje mjølk i marknaden, for då kan dei presse ned

KVOTEFRI SLEPP
«Det er ingen veg tilbake. Det må vi berre prøve å leve med.»



HANS RÜSSLI
SCHWEIZERISCHER BAUERNVERBAND (SBV)

prisen ytterlegare, sa Peter Gfeller, som var dåverande president i organisasjonen Schweizer Milchproduzenten (SMIP), til Nationen i 2010.

Fall i inntekta

Prisen på mjølk i Sveits var i 2012 ifølgje IFCN-tala på rundt 0,6 sveitsiske franc per liter, noko som utgjorde rundt 3,70 norske kroner, silk valutakursane var i fjor. Seinasti 2008 var prisen oppe i rundt 80 sveitsiske franc per liter, rundt 30 prosent over dagens nivå. Prisen på mjølka i Sveits varierer derimot mellom regionane og etter om mjølka blir brukt til

Vil selge nyre for å dekke gjeld

INDIA. En bonde i delstaten Maharashtra ber statens førsteminister Prithviraj Chavan om ekstrordinær tillatelse til å selge en nyre for å dekke utgifter på grunn av avlingstap, skriver Times of India. Den ferdig år gamle bonden skriver at han er misfor-

nøyd med erstatningsprosessen og at han har vurdert selvmord, men at familiehensyn gjør det uaktuelt.

– Jeg fikk vedtaket om kompensasjon for to måneder siden, men har ikke fått pengene ennå, skriver bonden i brevet.

FOTO: COLOURBOX



Må i fengsel etter inkassobråk

IRLAND. En bonde fra distriktet Longford er dømt til tolv måneders fengsel etter å ha tvunget to innkrevere til å kle seg nakne og gå inn i svinstien til et «opphisset villsvin», skriver avisen Daily Mirror. På et mobiltelefonopptak som ble spilt av i retten trygler

mennene bonden om å la dem gå, og lover at de aldri vil komme tilbake. Bonden svarer at han vil «gi dem en lærepenge» først.

I bakgrunnen høres opphisset grynning. Mennene slapp løs etter å ha gått ned på alle fire og sagt Fadervår.



Fakta

Mjølkemarkedet i Sveits

- * **24.369** mjølkébønder har i snitt 22 mjølkedyr og vel 170.000 liter i produksjon kvar i 2012.
- * **Det ti siste** åra har 8000 bønder lagt ned mjølkeproduksjonen, og snittstorleiken per bruk har vakse med litt over to prosent i året.
- * **Produksjon på 4170** mill. liter i 2012, opp frå 3880 mill. liter i 2006.
- * **Mjølkepris** på i snitt 0,6 sveitsiske franc per liter i 2012. Nedgang på 25 % frå 2008, men prisen skal likevel vere rundt 75 % over verdssnittet.
- * **Prisen på kraftfôr** ligg 57 % over verdssnittet.
- * **Eksport på rundt** 66.000 tonn ost, ein oppgang på vel 5000 tonn frå 2008.

Kjelde: «Daily Report 2013» frå International Farm Comparison Network (IFCN) og Schweizer Milchproduzenten (SMP)

FOTO: SWISS FARMER UNION

ost eller til andre meierivarer.

Ifølgje det sveitsiske bondelaget har lønsemda til mjølkebøndene gått ned, men litt av inntektsbortfallet er kompensert med auke i statsstøtte. Med dagens valutakurs utgjer støtta rundt 400.000 norske kroner per gard.

Rüssle trur endringane vil føre til at dei attervande mjølkebruka i Sveits blir langt større enn i dag. I dag er storleiken omtrent som i Norge, med 22 mjølkedyr i snitt.

– Konsekvensen blir nok langt færre mjølkébønder, og at bruka får rundt 80 mjølkedyr kvar i snitt. Stort meir enn det går ikkje å ha slik forholda

er her i Sveits, seier Rüssle.

– Kan gi større prisfall her

Forskar Ola Flaten i Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (Nilt) er ein av forskarane som deltek i IFCN-nettverket på vegner av Norge. Han seier det er ein klar samanheng mellom kvotefristlepp og prisnedgang på mjølk.

– Prisnedgangen på mjølk i Sveits heng openbert saman med at kvotane blei slept fri, men det er vanskelegare å seie om det også

er andre forhold som spelar inn. Prisen ville truleg gått enda meir ned om det ikkje hadde blitt innført leveringskontraktar, men mi-

nuset med kontraktsproduksjon er at andre ledd i verdikjeda får meir makt, seier Flaten.

Han seier konsekvensane av eit kvotefristlepp i Norge truleg ville blitt enda større enn i Sveits.

– Pristallet ville truleg blitt større her. Sveits har ein langt større eksport av ost. 21 prosent av mjølkevolumet blir eksportert. Når ein her i landet i større grad berre har det innalandske forbruket å halde seg til, så vil effekten av å fjerne kvotane bli meir dramatiske, seier Flaten.


BJARNE BEKKENHEIM AASE

bjarne.aase@nationen.no

RÅVAREBØRS

Utvikling i norske og internasjonale matpriser

Prisutvikling på storfe




I EU varierte prisene på storfe en del i september. I Danmark lå prisene på ung okse relativt stabile, etter å ha økt ved inngangen til måneden.

Tyske storfepriser økte også i begynnelsen av måneden, før de sank da det nærmet seg oktober. Den tyske prisnedgangen er uvanlig for høstesongen, men ser ut til å skyldes

økte tilførsler i kombinasjon med lavere etterspørsel.

Internasjonale storfepriser steg i september. Økende etterspørsel fra Japan og andre land i Asia bidro til å presse prisene oppover. Hittil i år har Kina importert mye storfe kjøtt fra store eksportnasjoner som Australia, Uruguay og New Zealand, mens Hongkong har importert mye fra Brasil.

Prisutvikling på svin



Etter å ha økt siden midten av mai, begynte den gjennomsnittlige EU-prisen på slaktegris å gå ned i september.

Prisnedgangen fortsatte den første uka i oktober. I Danmark lå prisen stabil i september etter å ha økt i slutten av august. Ved inngangen til oktober gikk imidlertid også den danske prisen på slaktegris ned.

Etter å ha økt siden midten av mai, begynte den gjennomsnittlige EU-prisen på slaktegris å gå ned i september. Pris-

nedgangen fortsatte den første uka i oktober. I Danmark lå prisen stabil i september etter å ha økt i slutten av august. Ved inngangen til oktober gikk imidlertid også den danske prisen på slaktegris ned.

Statens landbruksforvalting (SLF) har en rolle som rådgiver for landbruks- og matdepartementet, og følger utviklingen i det internasjonale markedet for landbruksvarer tett. Nationen publiserer denne prisinformasjonen og analysene tilknyttet utviklingen i samarbeid med SLF. Se sif.dep.no for bakgrunnsmateriale.